

## 6 000 000 STING

Kvardagen er fylt av tekstilar, både til praktisk og estetisk bruk. Tekstilane i heimen opplevest av alle sansane. Kva er det som gjer eit hus til ein heim? Kva er det som gjer at det er ein god stad å vera? Kva er det med tekstilar som gjer det "koseleg"?

Sommaren og hausten 2016 vil kunstnar Janne Robberstad i samarbeid med Sunnhordland Museum fokusera på broderi. Ynskje er å setja fokus på kunsten, historia og den immatrielle kunnskapen: handverket, teknikken og det samtidige kunstuttrykket. Gjennom ei fleirdelt utstilling, kurs og samarbeid med ulike skular og lag, vil me blåsa nytt liv i den tapte tradisjonen!

### Utstillingar:

Sunnhordland Museum set av ca. 150 m<sup>2</sup> i hovudbygget i Leirvik frå 1.mai til 31. desember 2016 til utstillinga. Både tematisk og arkitektonisk innbyr lokalet til ei fleirdelt utstilling.

\* Broderi i samtida. Nye teknikkar, materialar og uttrykk. Unike fristil maskinbroderte blondebroderier. Nyskapa kunst av Janne Robberstad spesielt til denne utstillinga.

\* Redesign: Skap din eigen koselege heim - ei interaktiv utstilling av resirkulerte og redesigna strameibroderi.

\* Fokus på handverk og handarbeid, henta fram tradisjonar som er i ferd med å bli gløymd, spesielt broderi, ved å finne fram ting i magasina til museet, samt samle inn ting lokalt – og dra linjer til i dag.

\* Ei historisk reise av kvinner som skaper, via det historiske fotoarkivet til Sunnhordland Museum. Bileta vil bli kunstarisk bearbeidde av kunstnaren.

### Kurs og formidling:

\* Kurs i gamle og nye broderi-teknikkar. Samarbeid med Stord Husflidslag. Eitt kurs (1-3 dagar) i månaden i haustsemesteret 2016.

\* Drop-in aktivitetsscafé. Ein dag/kveld i månaden med eige tema, workshops og sosial kreativitet.

\* Lage undervisningsopplegg rundt utstillingane, både forteljande guiding, og skriftleg arbeidshefte.

### Samarbeid med skular og lag:

Det er kontakt med, og søknadar inne hos, ulike potensielle samarbeidspartnarar både innan skuleverk, den kulturelle skulesekken og lag og organisasjonar. Museets formidlingsansvarlege og kunstnaren samarbeider om nye måtar å formidle kunsten på.

### Bakgrunninformasjon om hovudsamarbeidspartnarane:

**Sunnhordland Museum** består av 49 bygg spreidd over 6 kommunar, og har årleg rundt 24 000 besøkande. Hovudlokala ligg på Leirvik, Halsnøy Kloster og Litlabø gruvane. SM har stor spreiding i alder blant publikum, og samarbeider aktivt med skular, lokale lag og organisasjonar. Dei sit m.a. på eit stort, historisk fotoarkiv etter Kannelønning, som har fleire tusen bilete frå Sunnhordland, både frå fest og kvardag og landskap. Sunnhordland Museum har hovudansvar for formidlingsbiten av utstillinga.

**Janne Robberstad** er utdanna faglærer i tekstilforming, og har arbeidd i mange år fulltid som kunstnar. Medlem av Norske Billedkunstnere sidan 2012, og Norske Scenografer sidan 2008. Eg har hatt fleire separatutstillingar, og mange utsmykkingsoppdrag for privat næringsliv. Dei siste åra har eg jobba med å utforske broderi som kunstnarisk uttrykksform, og freista å finne nye, samtidige stiluttrykk. Gjennom denne utprøvinga har eg jobba meg fram til ein teknikk som gir spanande uttrykk. Fristil maskinbroderi på vassoppløyselig stoff gir eit estetisk uttrykk som kan brukast kunstnarisk både i kler, bilete og interiør.

Som kunstnar med spesialisering innan tekstil er eg opptatt av å ta vare på den viktige tekstile handarbeidstradisjonen Norge har hatt og fortsatt har. Eg er like opptatt av å vidareutvikle og fornye denne arva. Håpet mitt er at dette prosjektet skal auka medvitet kring tekstil som kunstuttrykk. Og at den kan vekke interesse for verdien av det tekstile handarbeidet, både sjølv utstillinga, men òg samarbeidet og kursinga med dei ulike aktørane. Ved å setja gamle, tradisjonelle tekstilar inn i ein ny kunstnarisk samanheng, vil eg pirra den skapande nysjerrigheten hos folk flest. Det er og eit miljøaspekt ved ei generell tekstil bevisstgjerung: meir kvalitet i fokus, mindre bruk-og-kast. Janne Robberstad har hovudansvar for den kunstnariske og estetiske delen av utstillinga.

#### Meir informasjon om utstillingane:

**Broderi i lokal historie...** Fokus på kvinners bidrag til lokalsamfunnet, gjennom handverk/handarbeid, ved å bruke fotomateriale frå historisk arkiv ved Sunnhordland Museum. Utvalde fotografi av folk i skapande arbeid vil bli kunstnarisk bearbeidd av Janne Robberstad. Ved hjelp av moderne biletbehandling får gamle nedstøva minner farge og liv. Bileta vert ein digital collage av gamle og nye foto, maling og funne objekt... til eit eige visuelt univers som er både autentisk og drøymande. Dette er ein veldig stemningsformidlande og historieforteljande måte å arbeide med bilete på.



**Broderi i samtida...** Broderte nyskapingar som pirrar nysjerrigheten og utvider

horisonten for kva broderi faktisk kan vera. Personlege, kunstnariske uttrykk med utgangspunkt i nye teknikkar, nye materialar, ny estetikk i ein ny tidsalder av kunstnar Janne Robberstad.

**Frå kitsj til kult...** Ei stor samling stramei broderi vil bli omskapt og satt inn i ein ny samanheng. Ein interaktiv del vil leikent fanga interessa til nye generasjonar og revitalisera broderiet som folkeleg uttrykksform. Mellom anna vil det bli ein "Bygg-din-eigen-heim" med ein vegg av tekstile byggeklossar, dekkja av strameibroderi. Av kunstnar Janne Robberstad.

**Frå arkivet...** Gamle skattar frå Sunnhordland Museum sitt magasin i fokus. Broderi i interiør og klesdrakt. I tillegg har me fått god respons frå publikum som vil delta med sine tekstile skattar. Denne delen av utstillinga har Sunnhordland Museum hovudansvar for.

Meir informasjon om kurs:

Det vil bli arrangert fleire kurs innan broderi, både gamle og nye teknikkar og uttrykk. Janne Robberstad vil m.a. ha kurs i fristils maskinbroderi, broderte sjølvportrett og geriljabroderi. Stord Husflidslag vil vera kurshaldar innan svartsaum.

Meir informasjon om Brodericafé:

Kvar månad vil me arrangera ein ny drop-in aktivitetsscafé. Kvar kveld vil ha eit eige tema, utarbeidd i samarbeid med ulike lag og organiasasjonar. Eit eksempel er "Utbodert språkbruk" i samarbeid med Stord Mållag i september. Eit anna eksempel er "Broderi utan grenser" (internasjonalt blick på ornamentikk) i august. I november har me fokus på brodert julepynt.

Meir informasjon om samarbeid med skular og lag:

\* Den Kulturelle Skulesekken i Bømlo kommune: kurs for 4.-6. Klasse og 7.-10 klasse i stramei-broderi og geriljabroderi. Søknad inne til behandling.

\* HSH – kurs for lærarstudentar på kunst og handverk i fristil maskinbroderi. Søknad inne til behandling.

\* FOS – kurs innan broderi for formingslærarar i ungdomsskulane i Sunnhordland, oktober 2015 – (fullført)

\* Sunnhordland Museum har alt eit samarbeid med Stord Husflidslag. Dette vil bli utvida til å omfatta broderi: innsamling, dokumentering og utstilling, samt kursing i ulike teknikkar.

Sunnhordland Museum og Janne Robberstad vil i fellesskap lage eit undervisnings-opplegg rundt utstillingane. Opplegget inneheld både forteljande guiding og eit skriftleg arbeidshefte.

Samarbeidspartnarar:

Janne Robberstad, tlf 95 24 54 62, [janne@spotogspindel.no](mailto:janne@spotogspindel.no), [www.spindelmaker.com](http://www.spindelmaker.com)

Sunnhordland Museum: Jane Junger 412 55 893, [www.sunnhordland.museum.no](http://www.sunnhordland.museum.no)

Stord Husflidslag: Vigdis Vatne, tlf: 53 41 20 18 <http://www.stordhusflidslag.com>

Høgskulen Stord Haugesund: Katrine Huglen, lektor Tekstilforming, Kunst &

Handverk, tlf: 99337092

Eit innblikk i nokre av verka som kjem på utstillinga:



*"Bygg din eigen koselege heim", 25 store tekstile byggeklossar inviterer til interaktiv leik med publikum. Redesigna stramei*



*Blonde BH – kven er sexy undertøy til for? Brukaren eller betraktaren?  
Fristils maskinbroderi på vassoppløyselig stoff*



*"Familieportrett", blondebrodert tyllgardin for moderne hus.*